

Arealinnspel til kommuneplanen for Øygarden kommune

Type innspel: Anna, som ikkje er ein bestemt stad

1. Det er behov for å legge til rette for utvikling av næringsareal frå sør til nord i kommunen. Vi vil spesielt trekke fram behovet for nytt næringsareal sentralt i kommunen, nært det nye Sotrasambandet. Straume-området har no lite tilgjengeleg næringsareal. Det er difor viktig å legge til rette for at det er tilgjengeleg nytt areal til nye verksemder og / eller auka behov hos eksisterande. Bygginga av Sotrasambandet er ei stor, nasjonal satsing. Tilrettelegging for næringsutvikling langs denne traseen vil ha samfunnsnytte. Næringsareal tett på den nyetablerte infrastrukturen, vil vera effektivt med tanke på transport og mindre inngripande enn i område utan denne type infrastruktur.
2. Det vil vera viktig med utvikling, utnytting og moglegheit for utviding av eksisterande næringsareal. Dette er samfunnsnyttig og i tråd med overordna føringar om betre utnytting av eksisterande areal, transformasjon og gjenbruk. Ved hjelp av føresegnene må det leggst til rette for at det kan skje på ein effektiv og fleksibel måte, utan alle dei same krava som for heilt nye område.
3. Tilgang til sjø er eit av konkurransefortrinna til Øygarden. Det har gitt oss eit rikt næringsliv. Det er viktig at det er rom for å utvikle både nye og eksisterande næringar i og ved sjøen – i takt med den omstillinga det er behov for. Arealplanen med føresegner må legge til rette for at bedriftene kan få utvikle, endre og nytte område i og ved sjø på ein meir effektiv måte enn i dag.
4. Eit generelt innspel til arbeidet med føresegnene er at dei ikkje blir for detaljerte. Overordna føresegner i overordna plan kan ofte forenkle og forkorte detaljplanprosessar, som igjen skapar raskare gjennomføring totalt sett.